



**For stutt tid sidan var det pipebrann på Steinsletto og i dag klokka 15 var det pipebrann på ein gard på Eik. Eigaren var heldigvis heime og greip raskt inn.**

Det var stor røykutvikling og han hadde salt nedi pipa. Men han hadde ikkje mykje salt og det han hadde var ikkje nok til å døyva varmen.

Han fann det difor best å tilkalle branntroppen som kom raskt til staden.

Dei sløkte brannen og feia pipa grundig.

Det spørsmål no fleire i Uskedalen stillar seg er dette: Er det nok å feia pipene annakvart år slik praksisen er no?

Desse to brannane tyder på at feiaren burde komma oftare. Den auka fyringa med ved gjer det enda meir naudsynt med oftare feiing, blir det understreka.

(Foto: Ola Matti Mathisen)